



Mandat for arbeidsgjevarutvalet til Kyrkjerådet

Fastsett av Kyrkjerådet 24. mai 2024. Endra ved vedtak 5. juni 2024.¹

1. *Hjemmel og bakgrunn*

Mandatet er hjemla i instruks for Kirkerådets arbeid.

2. *Formål*

Formålet med arbeidsgjevarutvalet er å forvalte arbeidsgjevaransvaret som er lagt til Kyrkjerådet, innanfor dei overordna føringane Kyrkjerådet gir.

3. *Samansetting*

Arbeidsgjevarutvalet har fem medlemmar, valde av og mellom medlemmane i Kyrkjerådet. Ein arbeidstakarar i rettssubjektet Den norske kyrkja kan ikkje bli vald som medlem i utvalet. Preses kan likevel vere medlem.

4. *Oppgåver*

- a. Arbeidsgjevarutvalet set i verk Kyrkjerådets vedtak der Kyrkjerådet har fastsett overordna arbeidsgjevarpolitiske føringar.
- b. Arbeidsgjevarutvalet fastset lønns- og personalpolitiske retningslinjer og lønn for direktør og preses. Utvalet skal også fastsette rammene for oppgjer til alle på leiarløn i rettssubjektet Den norske kyrkja, som direktøren så forhandlar for desse leiarane. Videre fastset utvalet godtgjering/ honorar for leiarane av Kyrkjerådet, Mellomkyrkjeleg råd og Samisk kyrkjeråd, og andre som eventuelt får godtgjering knytta til leiarverv i rettssubjektet Den norske kyrkja.
- c. Arbeidsgjevarutvalet kan initiere og gi innspel til saker om endring av arbeidsgjevarrelatert regelverk.
- d. Arbeidsgjevarutvalet uttaler seg om eller tek stilling til tariffrelaterte og tariffrettslege spørsmål.
- e. Arbeidsgjevarutvalet forvaltar medlemskapen i Hovedorganisasjonen KA.
- f. Arbeidsgjevarutvalet stemmer over tariffavtalar. I saker der forhandlingsresultatet overgår Kyrkjerådets budsjetttrammer, må økonomiske konsekvensar leggjast fram for Kyrkjerådet for budsjettrevisjon.
- g. Arbeidsgjevarutvalet kan gi fullmakt til direktøren.

5. *Rapportering*

Arbeidsgjevarutvalet rapporterer til Kyrkjerådet. Protokollar frå møta i utvalet blir sendt til Kyrkjerådet til orientering.

Direktøren i Kyrkjerådet har ansvar for å førebu og følgje opp saker som vert handsama i utvalet og rapporterer til utvalet i saker som fell inn under mandatet til utvalet.

6. *Reglar for verksemda*

Instruks for Kirkerådets arbeid gjeld for arbeidet i arbeidsgjevarutvalet så langt den passar.

¹ KR-AU 08/24.